



Saksbehandlar: Geir Ragnhildstveit

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/23	Formannskapet	06.02.2023
011/23	Kommunestyret	20.02.2023

Kommunalt tenestekjøp frå veterinærer i klinisk praksis for produksjonsdyr/stordyr i Karmsund veterinærvaktdistrikt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om tenestekjøp frå veterinærer som har klinisk praksis for produksjonsdyr/stordyr i Karmsund veterinærvaktdistrikt. Avtalen kan ha ei ramme på inntil 600 000 kroner samla for dei aktuelle kommunane. Avtalen framforhandlast saman med kommuneadministrasjonane i Karmøy, Haugesund og Utsira.
2. Kostnadene vert delt mellom kommunane etter prinsippa som går fram av vedlegg til saksframlegget. Sveio kommune sin del i år 2023 vil vera 161 000 kroner. Dei auka utgiftene vert i 2023 dekkja frå disposisjonsfond. Kostnadene til tenestekjøp frå veterinærer som deltek i ordninga skal innarbeidast i rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2024- 2027.

Formannskapet 06.02.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som rådmannen sitt framlegg.

FOR- 017/23 Vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om tenestekjøp frå veterinærer som har klinisk praksis for produksjonsdyr/stordyr i Karmsund veterinærvaktdistrikt. Avtalen kan ha ei

ramme på inntil 600 000 kroner samla for dei aktuelle kommunane. Avtalen framforhandlast saman med kommuneadministrasjonane i Karmøy, Haugesund og Utsira.

2. Kostnadene vert delt mellom kommunane etter prinsippa som går fram av vedlegg til saksframlegget. Sveio kommune sin del i år 2023 vil vera 161 000 kroner. Dei auka utgiftene vert i 2023 dekkja frå disposisjonsfond. Kostnadene til tenestekjøp frå veterinærer som deltek i ordninga skal innarbeidast i rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2024–2027.

Kommunestyret 20.02.2023:

Behandling:

Ingen tok ordet i saka.

Røysting: Samrøytes som formannskapet si tilråding.

KOM- 011/23 Vedtak:

1. Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om tenestekjøp frå veterinærer som har klinisk praksis for produksjonsdyr/stordyr i Karmsund veterinærvaktdistrikt. Avtalen kan ha ei ramme på inntil 600 000 kroner samla for dei aktuelle kommunane. Avtalen framforhandlast saman med kommuneadministrasjonane i Karmøy, Haugesund og Utsira.
2. Kostnadene vert delt mellom kommunane etter prinsippa som går fram av vedlegg til saksframlegget. Sveio kommune sin del i år 2023 vil vera 161 000 kroner. Dei auka utgiftene vert i 2023 dekkja frå disposisjonsfond. Kostnadene til tenestekjøp frå veterinærer som deltek i ordninga skal innarbeidast i rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2024–2027.

Saksutgreiing

Samandrag

Kommunane har hatt ansvar for veterinærvakt og at det er nok veterinærer i kommunane sidan 2008. I Karmsund veterinærvaktdistrikt har mykje av problemstillinga vore stod pågang med smådyr. Det vart derfor etablert eiga smådyrvakt i 2018 der kommunane i distriktet Tysvær òg var med (Tysvær og Bokn). Sidan har distrikta/kommunane Vindafjord og Etne slutta seg til. Det har likevel stadig blitt vanskelegare å skaffa veterinærer til stordyrvakta. Det har toppa seg dei to siste åra og alle veterinærane har sagt opp avtalane med distriktet. Vakta har likevel blitt utført med vekslende deltaking, hjelp frå nabodistrikt og svært mykje vakt for eit par av veterinærane. Me er no likevel i den heldige situasjonen at det er tre veterinær i klinisk praksis på stordyr/produksjonsdyr i Karmsund. Kommunane har hatt drøfting med desse veterinærane og framlegget til vedtak legg grunnlaget for at me kan sikra at veterinærane held fram i distriktet og at me kan stabilisera tenesta.

Bakgrunn for saka

Det har vist seg siste åra å vera mest umogleg å rekruttera andre til stordyrvakta enn dei som har klinisk praksis på stordyr/produksjonsdyr. I fjor var me så heldige at veterinærane rekrutterte ein ny veterinær. Det er no ein røynd og to unge veterinærer i praksis i Karmsund. Men det er likevel ikkje nok næringsgrunnlag for tre veterinærer her. Kommunane i distriktet må derfor trø til for å sikra økonomien slik at me får halda på dei tre som er her no. Det er ynskjeleg å rekruttera ein

fjerde veterinær til vakta, men det vedkjem ikkje denne saka direkte. I samarbeid med Den norsk veterinærforening (DNV) har veterinærane rekna ut at dei treng å styrka økonomien utanom vakt med 600 000 kroner i året samla for at økonomien skal vera tilfredsstillande.

Saks- og faktaopplysningar

Kommunane har ansvar for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell, jamfør ordlyden i dyrehelsepersonellova § 3 a. Saks- og faktaopplysningane skal koma greitt fram i dei andre punkta i dette saksframlegget og i vedlegga som er utarbeidd av Karmøy kommune.

Sjå og saksframlegg frå Karmøy kommune som er lagt ved saka.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Sveio kommune er vertskommune for veterinærvaktordninga i Karmsund veterinærvaktdistrikt. Etter avtale mellom rådmenn/kommunedirektørar har Karmøy kommune teke på seg å utgreia denne saka.

Konsekvensar

Fylgjene av å gjera som føreslått er at me kan sikra nok veterinærar til klinisk praksis og vakt. Fylgjene av ikkje å gjera noko kan vera ei vakt som bryt saman og der kommunane ikkje klarar å levera slik lova krev.

FN sine berekraftsmål

Mål 3 God helse og livskvalitet, mål 6 Reint vatn og gode sanitærforhold, mål 15 Livet på land.

Økonomiske konsekvensar

161 000 kroner i auka utgifter i 2023.

Beredskap

Tilgang til veterinær i klinisk teneste vil vera avgjerande for å vera budd på «å verne samfunnet mot fare og skader forårsaket av dyresjukdommer eller av næringsmidler og produkter av animalsk opprinnelse», jamfør 12 slik det står i dyrehelsepersonellova om dyrehelsepersonell sine plikter.

Vurdering

Kommunane må ha tilfredsstillande med veterinærar i klinisk praksis for stordyr/produksjonsdyr for å kunna ha nok veterinærar til vakta. Å sikra at Karmsund distrikt har minst tre veterinærar i slik praksis vil derfor vera avgjerande. Det må vera eit vilkår at veterinærar som vert omfatta av ordninga i denne saka deltek i vakta.

Rådmannen sin konklusjon

Med framlegget vil kommunane i Karmsund kunna sikra nok dyrehelsepersonell/veterinærar i distriktet i klinisk praksis for stordyr/veterinærar for å ha nok veterinærar til vakt for stordyr/produksjonsdyr.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Dyrehelsepersonellova § 3 a.

Vedlegg:

Politisk sak frå Karmøy kommune – Avtale om kommunalt tjenestekjøp fra veterinærer som deltar i veterinærvaktordningen

Fordeling av kommunalt tilskot til veterinærer som deltar i veterinærvaktordninga (002)